

## **SAKSPAPIR**

Saksnr	Utval	Type	Dato
22/14	Levekårsutvalet	PS	04.03.2014

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Eileen M Feste	FA - CO0	14/339

### **Fargespel - samarbeidsprosjekt i Nordhordland**

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Levekårsutvalet ønsker å bidra til at kommunane i Nordhordland kan samarbeide om å setje opp «Fargespel» som del av Grunnlovsjubileet 2014, og løyver inntil kr 50.000 frå Den kulturelle skulesekken til føremålet.

Levekår ber rådmann sjå til at ei realistisk finansieringsplan ligg føre innan fristen 01. april. Om ikkje vil løyvinga verte trekt tilbake

#### **Levekårsutvalet - 22/14**

#### **LE - behandling:**

#### **Handsaming i Levekårsutvalet - 04.03.2014:**

Rådmannen sitt framlegget til vedtak fekk 3 røyster og fall (Bjørn Brunborg-AP, Mette Bøe-AP og Jostein Hellestveit-SP)

#### **LE - vedtak:**

#### **Vedtak i Levekårsutvalet - 04.03.2014:**

Rådmannen sitt framlegget til vedtak fekk 3 røyster og fall.

#### **Saksopplysningar:**

#### **Saksdokument ikkje vedlagt:**

Levekårsutvalet – sak 09/14

**Levekår gjorde følgjande vedtak i sak 09/14 - Fargespel:**

*Levekårsutvalet tek orienteringa om «Fargespel – eit samarbeidsprosjekt i Nordhordland», til orientering. Ein bed om at finansieringsplan for prosjektet vert lagt fram til behandling i neste møte i utvalet før ein tek avgjerd om Lindås kommune skal delta.*

Fargespel prosjektet er eit samarbeidsprosjekt mellom Frivilligsentralene i Nordhordland (Lindås, Meland, Radøy, Austreheim, Fedje og Masfjorden). Planen er at Fargespel skal framførast i Nordhordlandshallen i desember 2014 som del av Grunnlovsjubileet.

Fargespel er ein stifting som eig Fargespel konsept. Produksjonen vil difor vere eit nært samarbeid med stiftinga, og må oppfylle krav som vert sett av stiftinga.

**Vurdering:**

Frivilligsentralene v/prosjektleiar Nina Randal (Meland kommune), har sett opp følgjene budsjett for Fargespel i Nordhordland

3200	Billettinntekter arrangement		200 000
3410	Prosjektilskudd kommunane i nordhordland		60 000
3411	Prosjektilskudd offentlege midlar		175 000
3420	Prosjektilskudd andre		200 000
	Sum driftsinntekter		635 000
4500	Honorarer kunstneriske ledere		70 000
4501	Honorarer musikere		75 000
4502	Andre honorarer		75 000
4503	Kostnader lys/lyd/scene		218 000
4504	Kostnader markedsføring		10 000
4505	Reise og transportkostnader		15 000
4506	Opphold og diettkostnader		75 000
4507	Leie av lokaler		10 000
4508	Andre arrangementskostnader		20 052
5002	Tilfeldig lønn uten feriepenger		
5003	Tilfeldig lønn med feriepenger		25 000
5427	Pensjon		
5092	Feriepenger	12 %	3 000
5295	Administrasjon prosjekter		35 000
5401	Arb.g.avg.	14,10 %	3 525
5405	Arb.g.avg. av pål. feriep.	14,10 %	423

	Sum direkte kostnader		635 000

Saksbehandling i samarbeidskommunane;

#### **Meland kommune**

Saka har vore drøfta i Formannskapet. Det er sett av inntil kr 40.000 (Den kulturelle skulesekken)

#### **Radøy kommune**

Saka har vore drøfta administrativt. Ønskjer å bidra stykkpris pr/elevtall (Den kulturelle skulesekken)

#### **Masfjorden kommune**

Har ikkje fått tilbakemelding om korleis saka vert behandla i Masfjorden kommune. Også uklart kor mykje midlar som vert sett av til føremålet

#### **Austrheim kommune**

Saka har vore drøfta administrativt. Det er sett av inntil kr 50.000 (Den kulturelle skulesekken)

#### **Lindås kommune**

Politisk behandling i Levekår. Det er midlar ein kan nytta i Den kulturelle skulesekken – inntil kr 50.000.

#### **Fedje kommune**

Saka har vore drøfta administrativt. Det kan nyttast inntil kr 10.000 (Den kulturelle skulesekken)

Utfrå det ein har fått stadfesta, kan kommunane bidra med inntil kr 150.000 – 200.000.

Det er sendt søknadar om støtte til blant anna til Hordaland fylkeskommune, samt ulike bedrifter og legat. Dei fleste har søknadsfrist i februar/mars. Vi får ikkje utfallet av desse før i mars/april.

Fargespel stiftinga har sett frist til 01. april for å få ei avklaring på om ein har finansieringa på plass. Det er klare meldingar frå alle kommunane at ein ikkje kan tolerere underskot, så ein realistisk finansiering må vere på plass innan fristen.

Ingen av samarbeidskommunane har løyvd underskotsgaranti.